



Det kongelege kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
07/931-2

Arkiv
N-211/

Dato:
17.12.2007

Endringar i barnehagelova. Høyrings svar frå Ullensvang herad.

Kunnskapsdepartementet inviterer kommunane til å koma med merknader til høyringsnotat av 31.10.2007: Høyring om endringar i barnehagelova.

Høyringsdokumentet omhandlar to tema som kommunen bør seie si meining om:

1. Innføring av lovfesta rett til barnehageplass
2. Innlemming av statstilskotet til barnehagar i inntektssystemet til kommunane

Dei andre punkta gjeld finansiering av ikkje-kommunale barnehagar og innhenting av data i barnehagesektoren.

1 Individuell rett

Den individuelle retten bør etter administrasjonen sitt syn vera knytt til nokre hovudprinsipp:

- Rett når kommunen har nådd full barnehagedekning
- Nedre aldersgrense for å hevde rett til plass, t.d. frå barnet har fylt 1 år
- Retten må gjeld innan ei viss tid etter at søknad er sendt, t.d. innan tre månader
- Retten må gjelde i eigen kommune, ikkje i eigen krins
- Kommunen sjølv må finne fram til det reelle behovet for barnehageplassar
- Søkjar sine ynskje og behov skal leggast vekt på
- Fortløpande opptak om og når det er mogeleg

Administrasjonen oppfattar lovfesta rett til barnehageplass som ei politisk føring som lenge har vore ynskt. Administrasjonen ser dette som ein viktig rett i velferdssamfunnet, på lik line med grunnskule og vidaregåande skule. Særleg sett i lys av at barnehage blir sett på som ein del av utdanninga for barn/unge.

Administrasjonen har ingen merknader til at fortløpande opptak vil vera løysinga, men det må då ikkje setjast for stramme fristar for kommunen med å innfri retten til ein plass.

Ein viktig føresetnad for å gi ein rett til plass, må vera at om det skjer endringar t.d. ved reduksjon i maksimalpris, så må det samtidig gjevast tid til å områ seg med å skaffa nye plassar. Det kan lett verta større press på barnehageplass ved prisreduksjon.



Kommunane må for å sikre ein reell rett for alle, ha ein viss overkapasitet av plassar. Dette vil krevje ressursar som ein reknar med blir kompensert i rammeoverføringane. Fleksibilitet i høve til kvalitetskrav når det gjeld lokale, bemanning i ein mellombels periode, bør det også opnast opp dispensasjonsreglar for.


2. Rammeoverføring


Når full barnehagedekning er på plass, vert det lagt opp til overgang frå øymerka tilskot til rammefinansiering. I dag har vi eit relativt arbeidskrevjande system for finansiering av plassar, med øymerka driftstilskot pr. plass pr. barn, avhengig av alder til barnet. Vidare er eit tilskot til barn med særlege behov, fastsett etter tal barn i kommunen. Og til slutt stimuleringstilskot som eigar får dersom det skjer auke i tal plassar i løpet av barnehageåret.

Det må likevel presiserast at det er viktig at det skjer på ein måte som

- Sikrar full utgiftsdekning for den einskilde kommune
- Sikrar den einskilde kommune høve til å ha ei viss overkapasitet av tal plassar

Med helsing
Ullensvang herad


Solfred Borge
ordførar


Kjellaug Holm
førstekonsulent

Sakshandsamar sin tlf: 53671573
Sakshandsamar si e-postadr.: kjellaug.holm@ullensvang.herad.no